

Venelaget

MEDLEMSHEFTE FOR
VENELAGET OLAV H. HAUGE,
STIFTA 1999

DESEMBER
2025



INNHALD

Bidragssytarane i dette heftet	4
Leiaren har ordet - <i>Ågot Gammersvik</i>	5
Mitt Haugedikt - <i>Marta Norheim</i>	6
Diktarstien i Hardanger - <i>Ågot Gammersvik</i>	9
Vidar Vivelid spør vinden - <i>Torbjørn Ljones</i>	12
Å følge Hauge inn i berget - <i>Fredrik Parelius</i>	14
Lyrikaren frå Rossvoll - <i>Guri Hjeltnes</i>	20
Vinternatt - <i>Olav H. Hauge</i>	25
Ein tanke slo meg ... - <i>Anja Haugland Svingen</i>	26
Ny formidling av Olav H. Hauge si boksamling - <i>Jorid Lekve Eide</i>	28
Or Hauges dagbok	30
Styret i Venelaget	31

BIDRAGSYTARAR I DETTE HEFTET

Jorid Lekve Eide er utdanna biletkunstnar frå Kunsthøgskolen i Oslo. Kom attende til heimbygda i 2014 for å arbeide med Poesifestivalen. Har sidan 2023 vore arenaleiar ved Haugesenteret i Ulvik.

Ågot Gammersvik er leiar av Venelaget Olav H. Hauge. Ho har magistergrad i etnologi, og har vore direktør ved ulike museum, mellom anna Maihaugen og Hardanger Folkemuseum.

Guri Hjeltnes er historikar og journalist. Har vore direktør ved Senter for studiar av Holocaust og livssynsminoriteter. Ho er bokmeldar og forfattar av fleire sakprosa-bøker.

Torbjørn Ljones er cand. phil. Han har vore leiar innan vidaregåande utdanning i Lillehammer. Han har vore fast bidragsytar i avisa Hordaland, og har gitt ut bøker med lokal tilknytning i Ulvik.

Marta Norheim er cand. phil. frå Universitetet i Oslo. Ho har tidlegare arbeidd i Kulturavdelinga i NRK, og er no litteraturkritikar i Morgenbladet. Norheim har skrive tre bøker, mellom anna om norsk samtidslitteratur.

Fredrik Parelius er litteraturvitar ved Universitetet i Bergen. Han har nyleg avlagt doktorgrad på avhandlinga «Lyrikk og galskap». Her undersøker han galskap som tematikk i forfattarskapane til Olav H. Hauge, Kristofer Uppdal og Gunvor Hofmo.

Anja Haugland Svingen er formidlar ved Nynorsk kultursentrum. Her har ho mellom anna ansvar for formidling til born og unge ved Haugesenteret i Ulvik.

LEIAREN HAR ORDET

Ågot Gammersvik

Vi er komne fram til julenummeret av Venelagsheftet for 2025. Då er det tid for å gje medlemmene våre eit nytt medlemsblad til jol.

I dette medlemsheftet finn du Guri Hjeltne sin artikkel om «Lyrikaren på Rossvoll. Historia om Olav H. Hauge». Her deler Hjeltne saga om dikteren med oss, og kastar ljós over livet til diktarhøvdingen frå Ulvik.

Fredrik Parelius har nyleg disputert med doktorgradsavhandlinga «Lyrikk og galskap» ved Universitetet i Bergen. I bladet vårt presenterer han bergmotivet i Olav H. Hauge sin forfatterskap. Hos Hauge er det få dikt som eksplisitt viser til hans periodar med psykisk sjukdom. Likevel viser Parelius korleis Hauge i mange dikt greidde å «kaldsmi» desse erfaringane til stor poesi.

Torbjørn Ljones skriv også denne gongen om Vidar Vivelid, som har kjøpt seg antikvarisk utgåve av *Spør vinden*. «Tusen kroner skulle dei ha for den tunne boka, og posten åtti. I 1971 hadde ho kosta 18 kroner.»

Anja Haugland Svingen fortel om poesiverkstaden på Haugesenteret i Ulvik. På senteret tek dei imot barn og

unge, og tilbyr dei skrivekurs. Her lokkar dei fram vers og dikt – og kanskje nye diktarar?


Jorid Lekve Eide skriv om den nye salen for boksamlinga til Hauge. Den nye utstillinga freistar å sjå på sammenhengen mellom leselysta, diktinga og bøkene til dikteren. Salen skal også gi rom til forskning, seminar og foredrag, til dømes under Poesifestivalen.

I Hardanger folkemuseum på Utne ligg eit gammalt tun. Mellom husa slynger det seg ein sti med steinheller. Mellom steinhellene ligg det tavler med dikt. Underteikna fortel historien om diktarstien og dei 32 diktartavlene som er lagt ned her. Diktardagen vert markert kvart år på Olav H. Hauge sin fødselsdag, 18. august.

Vi held også fram med at ein person vel sitt favoritt-dikt - og grunngeiv valet. Denne gongen er det den kjende litteraturmeldaren Marta Norheim som deler sine tankar om eit Hauge-dikt.

Lesaren vil merka seg at omslaget på venelagsheftet held fram med veksling mellom sommar og vinter. Takk til teiknaren Kristian Krogh-Sørensen.

Med dette ynskjer vi alle våre medlemmer ei retteleg god jol!



Kva eller kven er eigentleg tussalusi? Gustav Budde-Lund, Revidert versjon av "Crustacea Isopoda Terrestria", mellom 1899 og 1904.

MITT HAUGEDIKT

Marta Norheim

Det er ikkje så fårleg

Det er ikkje so fårleg
um grashoppa skjerper ljåen.
Men når tussalusi kviskrar,
skal du akta deg.

Dropar i austavind, 1966

Eg likar godt dette enkle, vesle diktet frå *Dropar i austavind* (1966). Men lesaren må akte seg, for her kjem både forkunnskap og ettertankar godt med.

Ein tysk ven, som skulle undervise studentar i norsk lyrikk for litt sidan, sleit med tussalusi:

Hva eller hvem er egentlig tussalusi? ;-) Jeg vet noenlunde, hva en tusse er, men kanskje er jeg på et villspor? Er tussalusi et slags veggedyr? Og hva kan han mene med ljåen? Tenker han på redskapet som han har tilegnet et eget dikt i samme samling?

Før den kviskrande tussalusi er plassert i landskapet og i diktuniverset, er dette eit totalt uforståeleg dikt. Og det er fleire ting som også må på plass.

Det får henge litt, no er tida inne for å zoome ut og setje diktet inn i ein større samanheng.

Det var i *Dropar i austavind* (1966) Hauge for alvor gav avkall på rimet og versemålet. Her kom også «tingdikta», der ein ting anten vert sett utanfrå, eller der tingen sjølv får kome til orde som til dømes i «Sleggja»:

Sleggja

*Eg er berre
ei sleggje.
Eg stend der no.
Eg lyt berre til
når det røyner på.*

Så kan ein jo lure på om diktaren her utforskar kva det vil seie å vere sleggje, eller om det også ligg ei djupare meining bak. I tidlegare samlingar var ein sjeldan i tvil. Allereie i debut-samlinga *Glør i oska*, tjuve år tidlegare, finst det «tingdikt», om «Eit sandkorn»,

«Fela» og «Skåli», saman med plante-dikt som «Marimjell» og «Kirsebærtreet». Her får tingen eller planten vere utgangspunktet, for deretter å bli nytta som bru over til ein livsvisdom eller ein moral. Kirsebærtreet får i tillegg introdusere det asiatiske i forfattarskapen: det «... minner om austerlondi, / um japanske hagar og dikt».

I *Dropar i austavind* er den asiatiske inspirasjonen tydeleg også i forma. Her utforskar Hauge dei korte verseformene. Fleire dikt er eit bilde, eller ei handling som får stå for seg sjølv utan å måtte peike for tydeleg til menneskelivet. Det var på sekstitalet den såkalla «nyenkla» poesien slo gjennom i Skandinavia, og den gamle dikteren ville prøve seg som modernist, han med.

Og då er vi tilbake til tussalusi. Diktet er «nyenkelt», men enkelt vert det først når ein veit kva ei tussalus er, og ikkje minst kvar ho bur. For tussalusi, skrukketrollet, *oniscidea* på latin, held til under steinar. Deretter må ein sjå for seg grashoppa som sit høgt på strået. Til slutt kjem ljaen. Om du som slår graset høyrer tussalusi kviskre, har

du vipa steinen tussalusi bur under til side. Det er ikkje bra for ljaet, som skal ha ein skarp egg for å bite på graset.

Lesaren må altså både kunne noko om levestet til to insekt, og dessutan vite kva som skjer med eit ljaet i møte med steinar. Då blir dette bildet av ljaen som skjer seg gjennom graset eit enkelt lærestykke om ja, å slå gras.

Er det meir her? Sei det. Verken grashoppa eller tussalusi er berarar av menneskelege dygder eller laster, det eg kan sjå. Der Marimjella i debut-samlinga var ein hyklar-falsk snyltar og kirsebærtreet signar dei nærverande, der er grashoppa grashoppe og tussalusi tussalus, begge i pakt med sin natur. Kanskje ligg det ei skjult melding her til slåttekarar som har tankane sine andre stader, kanskje ikkje. Diktet er ope nok for tolkingar.

Og dei tyske studentane? Læraren melde tilbake:

Det ble en god diskusjon! OHH fortsetter å fascinere, også nye generasjoner!

DIKTARSTIEN I HARDANGER

Ågot Gammersvik

I Hardanger folkemuseum på Utne ligg eit gamalt tun med hus flytta dit frå heile Hardanger. Mellom husa slyngjer det seg ein sti med steinheller. Mellom steinhellene av skifer ligg det steinheller med dikt. Stien blir som eit kunstverk mellom husa i klyngetunet. Gjester i tunet har vore begeistra for dette i mange år. Steintavlene med dikt gjev ei ekstra oppleving, og ord til ettertanke. Tavlene inneheld dikt, strofer og sitat frå mange av våre mest omtykte diktarar.

Bakgrunn

Diktartavlene i tunet er lagt ned gjennom 32 år. Den første Diktartavla vart lagt ned av Olav H. Hauge, den 18. august 1993. Då fylte Hauge 85 år. I det høve vart det halde stor fest for han på Hardanger folkemuseum.

Ideen til diktarstien kom i 1992, då vi på Hardanger folkemuseum hadde ei stor utstilling kalla «Nye dører inn til dikta». Utstillinga var eit samarbeid mellom poeten Terje Johannesen og kunstnar Cecilie Broch Knudsen, i nært samarbeid med dåverande direktør og konservator på museet. Inne i museet vart det laga ein sti der publikum kunne gå på graset og lesa Terje Johan-

nesen sine dikt som var hogde i stein. Mange dikt var måla på gamle dører eller på lerret, eller dei kunne vera trykte på pergament. Her kom ideen om ein diktarsti oppe i museumstunet.

Diktardagen

Diktardagen er eit årleg arrangement til minne om dikteren Olav H. Hauge. Diktardagen vart etablert offisielt på 85-årsdagen til Hauge i 1993. Diktartarhøvdingen vart storleg feira med program og konsert på Hardanger folkemuseum, der mange musikarar og poetar tok del, som Jan Erik Vold, Ragnar Hovland, Per Olav Kaldestad med fleire. Olav H. Hauge vart feira av ein fullsett sal, før stor festmiddag på Utne Hotell.

I ettertid vert Diktardagen kvart år arrangert i samarbeid mellom Hardanger folkemuseum og Haugesenteret, der ein ny stein vert lagt ned av den som får tildelt «Diktartavla» det året.

Diktartavla

Diktartavla er ein litterær pris som blir delt ut kvart år. Prisen skal gå til ein norskspråkleg nolevande forfattar som har gjeve ut minst to eigne diktsamlingar, og blir gjeven for heile forfattar-

HAR DU BETALT LAGSPENGAR
FOR 2025?

250kr
Vipps til #586853

Eller betal til konto 3450.30.01960
ved kasserer Anders Opheim
Hjeltnesveien 109, 5730 Ulvik

Hugs namn, adresse og e-post.



Mona Høvring og Jorid Lekve Eide. Foto: Ågot Gammersvik

skapen. Over tid skal prisen fordelast jamt mellom nynorsk og bokmål.

Eit dikt av vinnaren blir gravert inn i ei steintavle, som blir plassert i museumstunet på Utne. Til saman utgjør desse steintavlene ein diktarsti.

Diktarstien

Diktarstien er i dag blitt ein vakker hellegang med 32 diktartavler som prydar det flotte museumstunet ved Hardanger folkemuseum. I 2025 gjekk Mona Høvring og Per Olav Kaldestad inn i rekkja av markante diktarar som til no har fått Diktartavla

Diktardagen 2025

Prisutdelinga fann stad på Hardanger

folkemuseum på Olav H. Hauge sin fødselsdag 18. august. Vinnar av Diktartavla 2025 er poet Mona Høvring. Prisutdelinga gjekk føre seg på diktarstien. Lyrikar Per Olav Kaldestad fekk Diktartavla 2024, men var diverre hindra i å ta imot prisen i fjor. Difor vart begge prisvinnarane feira i 2025.

Det blei ein poetisk festkveld. Etter nedlegging av diktartavlene i tunet var det program på museet. Mona Høvring og Per Olav Kaldestad las dikt og fortalde både om korleis det er å skriva dikt, og korleis Olav H. Hauge har inspirert dei med si dikting. Programmet vart leia av konservator i Haugesenteret Stein A. Hevrøy, som samtalte med dei to poetane.

Mona Høvring fekk Diktartavla 2025

Mona Høvring (f. 1962) har ein variert forfattarskap innan poesi og prosa og gjev ut bøker på både nynorsk og bokmål. Høvring debuterte i 1998 med *IKK! Ein dialog* og har sidan gitt ut fjorten bøker. Av desse er heile åtte diktsamlingar.

Hennar nyaste lyrikkutgjeving kom i år og har tittelen *Skogsinteriør med rev og andre dikt*.

Kompleks, sanseleg og utforskande er tre treffande ord om årets prisvinnar. Eit litterært univers heilt særeige i den norske poesifloraen kan vinnaren også seiast å ha. Den lyriske klangen er umiskjenneleg eigen, og den språklege rikdomen stor hjå poeten Høvring.

Per Olav Kaldestad fekk Diktartavla 2024

Per Olav Kaldestad (f. 1947) kom ut med debutsamlinga *Kikkert* i 1973. Sidan har han gjeve ut poesi, sakprosa, gjendiktingar, skodespel og ein stor del barne- og ungdomsbøker. Det har blitt over 40 bøker, og nær halvparten av dei er diktsamlingar.

Kaldestad har ein særskild poetisk styrke i dei moderne dikta sine, med klassiske strofeformer og den tidlause sonetteforma.

I si nyaste diktsamling *Sonettar* (2023) tek han lesaren med på ei reise, der kjærleik til verda og menneska står sentralt. Kaldestad er også ein dyktig gjendiktar av poetar som D. H. Lawrence, Thomas A. Clark og William Shakespeare.

Desse er representerte:

- Mona Høvring (2025)
- Per Olav Kaldestad (2024)
- Steinar Opstad (2022)
- Paal-Helge Haugen (2021)
- Hilde Myklebust (2020)
- Tone Hødnebo (2019)
- Einar Økland (2018)
- Øyvind Rimbereid (2017)
- Hanne Bramness (2016)
- Kjartan Hatløy (2015)
- Cecilie Løveid (2014)
- Arvid Torgeir Lie (2013)
- Ellen Einan (2012)
- Maria Parr (2011)
- Pedro Carmona Alvarez (2010)
- Ivar Aasen (2009)
- Eldrid Lunden (2008)
- Kolbein Falkeid (2007)
- Ole Paus (2006)
- Jakob Sande (2005)
- Jon Fosse (2004)
- Åslaug Vaa (2003)
- Anne B. Ragde (2002)
- Rune Belsvik (2001)
- Frode Grytten (2000)
- Ragnar Hovland (1999)
- Kjartan Fløgstad (1998)
- Georg Johannesen (1997)
- Halldis Moren Vesaas (1996)
- Jan Erik Vold (1995)
- Robert Bly (1994)
- Olav H. Hauge (1993)
- Terje Johansen (1992)

Alle steintavlene er utforma av billetkunstnar og tidlegare rektor ved Kunsthøgskulen i Oslo, Cecilie Broch Knudsen.



Nærbilete av framsida av *Spør vinden* (1971). Foto: Nasjonalbiblioteket

VIDAR VIVELID SPØR VINDEN

Torbjørn Ljones

Eidførene såg på sola som ei ljosgåve om våren. Vidar Vivelid var difor glad den dagen ho vart borte i Ologselva. So kunne han bruka tida på å gle seg til å vakna ein morgon etter jol og sjå at Treledalen hadde teke gullkåpa på seg. No hadde han nytt å fortelja på Joker!

Far hans hadde tidleg på syttitalet sett av pengar til framtida si. Ho vart ikkje lang, men pengane hadde stått på konto i alle år og gitt gode renter. I dag tok Vidar Vivelid på seg sundagsklede midt i veka og gjekk for å henta pakken frå Norlis Antikvariat AS. Han hadde bestilt *Spør vinden* til seg sjølv. Gamlingen sin pensjon fekk bein å gå på. Tusen kroner skulle dei ha for den tunne boka, og posten åtti. I 1971 hadde ho kosta 18 kroner.

Han vaska hendene som om det framleis var pandemi, og bladde seg framover i boka. På side 11 seig det ei uroleg ro over han. Her var det ingenting han ikkje kjende seg att i. Han hugsa turane etter tytebær i Maursetlia, at han var med gamle Pera-Marit etter neter ho gøymde til jol som var dei bunadssylv. Alt såg trygt ut heilt til siste lina, når diktaren minner han om ljoset frå brislingfiskarane. Han visste kva dei leitte etter, men no var han usikker. Var det hans eige liv som skulle under lampen?

Men på side 14 vert han seg sjølv att. Stormen hadde nett vore her, slik som i diktet. Sjøen hadde stått kvit mot land, ordføraren innkalla til krisemøte, og ei rotlaus bjørk hadde ramla over den gamle skulen i Øvre. For fyrste gong i eit dikt møter Vidar, ein landkrabbe utan klør, sjømenn i vill ferd på havet i lag med kaptein Mac Whirr frå *Tyfonen* av Joseph Conrad. Strofene slår innover han og høgg fast at her kjem det alltid nye stormar, nye orkanar, og kanskje ein poetisk tyfon inn Simadalsfjorden. Då må folk vera budde, halda oska i omnen og pissa innandørs. Det var nok det diktaren hadde meint.

Mange av dikta tenkte Vidar Vivelid han kunne ha skrive sjølv. Men han hadde aldri kome på det. Fantasi hadde han i gode stunder, rettskriving hadde han lært av Bergljot Feste i andre klasse, og rima kunne han vel. «Her har eg ikkje roa meg» står det langt uti boka. Dette kunne han lett ha fått til. Dette var han. Han ville gjerne sett løvene i Afrika, isbjørnen på Svalbard og jentene dansa can-can i Paris. Men det var nett denne lengten som gav livet hans mening.

Hausten hadde kome med lauv. Det fekk liggja til våren og minna han om året som gjekk. Det meste hadde vinden likevel flytta over på plenen hennar Petra Lekve. Ho baka alltid so gode nordlandslefser.

Å FØLGE HAUGE INN I BERGET

Fredrik Parelius

*Olav H. Hauge skrev et fåtall dikt med motiver fra Valen, men kommer Hauges erfaringer med psykisk sykdom til uttrykk også i andre dikt? Det mener Fredrik Parelius, som nylig har avlagt doktorgradsavhandlingen *Galskap og lyrikk ved Universitetet i Bergen*. Her presenterer han en lesning av berg-motivet i Hauges forfatterskap.*

Når vi vil forstå et dikt, men strever med å finne ut av hva ordene skal bety, er det flere steder vi kan vende oss for å få hjelp. Hvis diktet refererer til en annen tekst, er det kanskje nødvendig å oppsøke denne kilden for å kaste lys over diktet. Ofte trenger vi ikke gå så langt heller, forfatterens egne tekster er som regel enkeltdiktets mest relevante kontekst.

Denne kjensgjerningen har den kanadiske litteraturteoretikeren Nothrop Frye satt ord på: «The first and most striking unit of poetry larger than the individual poem is the total work of the man who wrote the poem».

Dette er også tilfelle i Olav H. Hauges diktning. Gjennom hele sitt forfatterskap utforsker og gjenbraker han nære naturmotiver som berget, treet, vinden, fossen og elva. Etter hvert blir omverdenen hans poetisk mettet. Hver gang et av disse motivene dukker opp i et nytt dikt, peker det mot

bruken i tidligere dikt. På denne måten kan også dikt som tilsynelatende er enkle og konkrete, få oversmitte av noe inderliggjort og symbolsk.

I Olav H. Hauges forfatterskap er det få dikt som *eksplisitt* viser til de erfaringene han hadde med psykisk sykdom. Han var dessuten varsom når han gjorde bruk av sykdomserfaringene i dikt. Ole Karlsen har vært inne på at Hauge la vekt på å kode de sykdomsdiktene han publiserte i sin levetid på en måte som gjør at de blir flertydige og gåtefulle. Poetisk skjønn er selvsagt hovedgrunnen til at Hauge koder diktene sine slik, men en tilleggsgrunn kan være det sosiale stigmaet som følger med sykdommen. I dagboken noterer han at dette er erfaringer han ikke har «høvd mod» til å skrive (offentlig) om.

Samme sted lanserer han en tredje grunn til at han holder dette for seg selv. Han skriver at «ein ikkje gjerne fortel um det dyraste ein har upplevt». Flere steder i dagboken gjør Hauge det klart at galskapen ikke bare står for noe sykkelig og negativt i livet hans, men at den også fører med seg opplevelser av ekstase, visjon og hemmelig innsikt. I lys av slike opplevelser strekker ikke et medisinsk språk til: «Eg vil ikkje bruka sjukdom um slike tilstandar, eg vil ikkje sjå på dei som folk fleste gjer, men ta vanvit som den store nåde



Theodor Kittelsen, «Drageberget, Værøy i Lofoten», antagelig 1890-årene. Foto: Nasjonalmuseet / Dag Andre Ivarsøy

det er, og takka for det ein fekk sjå og høyra». Det «vanvitet» fører med seg, «det ein fekk sjå og høyra», fører samtidig med seg et formidlingsproblem, disse erfaringene kan ikke gripes i rene ord.

Likevel vil jeg hevde at forfatter-skapet er rikt på dikt som tematiserer galskap, men *indirekte*. Jeg mener at Hauge gjennom en rekke dikt utvikler *berget* til et *symbol* som konnoterer galskap. Ved å lese Huges bergdikt i sammenheng får vi øye på at den indirekte måten å skrive om galskap på danner en større underliggende struktur som er helt sentral i forfatter-skapet. Huges bergdikt er mange, og som diktmotiv viser berget seg gjerne fra to sider som aktiverer litt ulike billedlige felt. Det har en hard, værbitt utside, og en dyp, mer gåtefull innside. Vi kan merke oss at berget svært ofte er besjelt, og at forholdet mellom bergets ytre og indre må forstås i lys av en kontekst der berget symboliserer noe menneskelig. De ytre bergdiktene tematiserer gjerne blikket på bergets ytre fremtoning, mens de indre bergdiktene tematiserer en indre verden. En håndfull dikt som «Eldberget» (1951) og «Trollfjell» (1993) står også på terskelen mellom det indre og det ytre.

«Berget i fossen»

Flere av diktene som skildrer berget i det ytre, beskriver det som et ansikt som har tatt merke av elementene. Et eksempel fra *Dropar i austavind* (1966) er «Berget i fossen». Her er berget skjult av fossen, «villdyret», før vinden drar vannet til side og avdekker bergets egentlige ansikt:

Berget i fossen

*Dei er nifse og agelege,
sidemennene dine òg,
dei med skjelv
so kaldvæta dryp.*

*Deg ser me ikkje,
men me veit du er der:
ein sterk rygg
ei ubroti trass
under villdyret som
kastar seg
yver deg
i grønt ras,
tygg skum,
stampar
i botn.*

*Ein ettersumar kan vinden
slå silkeragget
til sides.
Då ser me
dragi dine:
ikkje kaldgrøne
tærde drag,
men kvitskura
truskuld.*

Diktet spiller på et motsetningsforhold mellom hva vi forventer og den overraskende realiteten. Først er bergansiktet skjult av den frådende fossen, men når «silkeragget» fra elva dras til side, er det nettopp *ikke* de ventede, «kaldgrøne / tærde drag» som ligger under det ville, skumtyggende ytre, men snarere et glatt ansikt, en hudløs åpenhet for verden: «kvitskura truskuld». I og for seg er realismen i naturbildet ivaretatt, men den fremtredende besjelingen av det troskyldige ansiktet, leder leseren i retning av at

dette er en allegori for menneskelige forhold. Kontrasten mellom den voldsomme elva og det underliggende ansiktet kan leses allegorisk som et bilde på et menneske som utagerer under utbruddet av psykisk sykdom, «villdyret som / kastar seg / yver deg», men som har et annet «egentlig» ansikt under symptomene.

De indre bergdiktene

Om man leser Huges ytre bergdikt hver for seg, gir de fort assosiasjoner til galskap og overskridelse. En slik lese-måte styrker seg kraftig når dikt som «Under bergfallet», «Berget i fossen» og «Steinsprang» leses i sammenheng. Slik er det også med indre bergdikt som «Bak einsemds berg», «Til Kvase den vise», «Svegde» og «Fyrlykti». I disse diktene bruker Hauge kulturelle forestillinger og eksisterende symbolikk rundt det «å gå inn i berget». Inne i berget åpner det seg et mytisk rom der han kan antyde, artikulere og estetisere erfaringer som bryter med normaliteten, med en distanse som demper den biografiske komponenten i diktene. Hauge viser også ofte til egen lesning i sine dikt. Han søker gjerne mot andre som har hatt erfaringer som ligner hans egne. Gjennom å alludere til slike «åndsfeller» går han inn i en poetisk dialog om galskapstematikken.

Når Hauge bruker innsiden av berget som poetisk skueplass, tangerer han et vell av ulike forestillinger i den vestlige kultursfæren. *Bergtakingsmotivet* finner vi i norrøne tekster, i norsk folketro og folkediktning og hos diktere som har videreutviklet dette kultu-

relle stoffet. Essensen i motivet er at et menneske blir lokket inn i berget av en representant for de naturmytiske kreftene, dette kan være dverger, haugfolk, underjordiske eller huldrer. Inne i berget blir det sjelden gjort skade på den som blir tatt inn, og vedkommende får ofte se skatter og store rikdommer hos de underjordiske. Men dersom man kommer seg ut igjen, er man som regel merket av disse opplevelsene.

Svale Solheim legger en psykologiserende tolkning av bergtakingsmotivet til grunn i sitt omfattende verk *Norsk sætertradisjon*:

«Det var svært ofte sjukelege tilstand [sic.] som førde til «bergtakings-opplevelingar», utbrotet av sjukdomen var det same som bergtakinga. Sjukdomen merka folk fyrst etterpå når vedkommande kom att frå «berget». I segnene er det difor oppfatta slik at det var opphaldet hos dei underjordiske som var skuld i sjukdomen.»

Mye tyder på at Olav H. Hauge var på bølgelengde med en slik utlegging av bergtakingsmotivet. Hauge og Solheim vokste opp i en tid der tradisjonsstoffet fortsatt var levende i Norge, samtidig som en mer moderne forståelse av psyken bredte om seg. I diktet «I elvedjuvet» spiller Hauge åpent på en psykologisk forståelse av bergtakingen. En avgjørende strofe i diktet lyder slik: «Han gjekk. Gjekk blindt. Lenger / inn, inn i galderet, inn / i svarte fansmakti / – etter seg sjølv». Selv om den bergtatte i sagnene ofte halvt ønsker å følge med inn i berget, representerer bergverdenen fangenskap og truende krefter for dem som



Theodor Kittelsen, «Der laa Soria Moria Slot» (utsnitt), 1900. Foto: Nasjonalmuseet/Børre Høstland

står igjen på utsiden. Å bli tatt inn i berget blir dermed et nærliggende bilde på å forsvinne inn i seg selv. Et godt eksempel på et slikt dikt er «Svegde» fra *Dropar i austavind*:

Svegde

*Mange for fyre deg, Svegde,
og mange etter,
kvar du vandra, veit ingen.
Eg møtte deg då du i helsotti låg,
brød me skifte, og skildest.
Du kom ikkje utatt or berget.*

Diktet bygger på en allusjon til en fortelling som finnes overlevert i «Ynglingesaga» i *Heimskringla*, der blir det fortalt om «Svegde» som reiste vidt på leting etter «Godheim og gamle Odin». På en av disse ferdene ble han lokket inn i berget av en dverg. Huges dikt jeg har altså besøkt Svegde inne i berget, men har greid å returnere til menneskenes verden. Ved å signalisere at Svegde står i en tradisjon med «mange fyre og mange etter», skriver jeget også seg selv inn i denne tradisjonen. Inne i berget skjer det en forbrødring: «brød me skifte / og skildest». Diktet spiller her på en iøynefallende forestilling fra folketroen, der det å ta imot mat og spise den ville føre til at en ble bundet til berget.

Ved å «skifte brød» med Svegde binder diktjeget seg til berget, samtidig tar det imot noe dyrt og verdifullt. Handlingen kan leses som opprettelsen av en form for pakt, eventuelt en

fortrolig overlevering av en hemmelig poetisk kunnskap. Diktet inngår her i et mønster av dikt som etablerer en tanke om en mørk, visjonær lærdomstradisjon som finnes inne i berget. Noen diktere kan besøke berget og komme tilbake, andre blir værende.

I et av de siste intervjuene Hauge gjorde, kommer det til og med frem at diktet er tenkt som en allegori over en medpasient fra Valen: «Han var gammel og mager og grå og tala um mange merkelege ting. Eg fekk for meg det var Svegde som var komen hit på vandringi si». Denne opplysningen endrer ikke selve lesingen av diktet, men gjør det utvilsomt at bergtakingen her korresponderer med Solheims psykologiske forståelse av motivet. Samtidig indikerer lærdomsaspektet i diktet en oppvurdering av medpasienten og hans tale «um mange merkelege ting». For Hauge er bergets innside et symbol som konnoterer galskap, ensomhet og melankoli. Men det er samtidig et visjonært rom, et poetisk lærested. Gjennom denne symboltradisjonen finner Hauge et poetisk verktøy for å behandle komplekse personlige erfaringer. Symbolene er virkningsfulle fordi de er varige, og fordi det er uråd å låse dem fast. De er i bevegelse, slik skrifttradisjonen er i bevegelse. Som Hauge selv skriver i dagboken i 1959: «Symbolverknaden er ikkje at ein forstår, men at ein fær ei vid anande kjensle av djupe og evige ting».

LYRIKAREN FRÅ ROSSVOLL

Guri Hjeltnes

På Hakestad i Ulvik i Hardanger ligg fruktgarden Rossvoll, med gardshusa på eit stort flatt platå, ein grusterrasse frå istida, hundre meter over fjorden. Frå Rossvoll er utsikta mot fjord og fjell eventyrleg vakker ein solskinsdag. Her budde Olav H. Hauge (1908–1994) så å seie heile livet. Herfrå reiste han vidt ut i verda – gjennom litteraturen, gjennom bøker han lånte, gjennom bøker han kjøpte.

Verda til Rossvoll

Det står ikkje lenger en apal utanfor stoveglaslet på Rossvoll. Treet Hauge skreiv om i eit vakkert og vemodig dikt er borte for lenge sidan. Men det er framleis frukttre på garden, og Hauge-elskarar frå inn- og utland går den bratte svingete vegen opp til Rossvoll for å sjå og bli vist rundt på fruktgarden der Olav H. Hauge arbeidde, skreiv og dikta.

Det er no 31 år sidan Olav H. Hauge døydd, og meir enn nokon gong oppsøker verda han: besøker staden og bygda der dikta hans blei skapte. Folk har lese dikta, kan dei utanåt. Ja, mange strofer inngår gjerne i ein samtale mellom folk eller i ein tale, som «Gjer ein annan mann ei beine då» – «Det

går an å leva i kvardagen òg». Folk har lese omsettingane og gjendiktingane hans (av Hölderlin, D.H. Lawrence, Bertolt Brecht, Robert Bly, Sylvia Plath, Paul Celan m.fl), og ikkje minst bladd i Hauges dagbøker.

Debut og gjennombrot


Hauge debuterte rett etter andre verdskrigen (1946), med dikt i tradisjonell form. Med diktsamlinga *På ørnetuva* (1961) kom eit modernistisk formspråk. Som eit høgdepunkt står diktsamlinga *Dropar i austavind* (1966), med mange kjende dikt, også korte «tingdikt», som «Sleggja»:

Sleggja

*Eg er berre
ei sleggje.
Eg stend der no.
Eg lyt berre til
når det røyner på.*

Dropar i austavind, 1966

Mellom 1946 og 1986 gav Olav H. Hauge ut seks diktsamlingar og ei barnebok, og i åra 1967–1992 også omsetjingar, nye opplag og utgåver. «Dikt i



Olav H. Hauge ved Njøs forsøkgard på Hermansverk i Sogn, rundt 1932. Foto: Hauge-senteret

samling» har kome i åtte utgåver, og «Dikt i umsetjing» i fjerde utgåve. Lyrikaren Jan Erik Vold skreiv tidleg om Hauge, og bidrog, saman med andre i den såkalla *Profilkretsen* (Solstad, Haavardsholm, Økland, Obrestad), til å løfte forfattarskapen hans inn i det offentlege rommet.

Hauge blei enormt populær som opplesar for kulturelt og politisk engasjerte unge under utdanningseksplorasjonen på 1970-talet, på universitet og andre lærestader. Hauge blei ven med Rolf Jacobsen og Haldis Moren Vesaas, og med ei lang rekke andre lyrikarar og forfattarar.

Filosofen og forfattaren Knut Olav Åmås gav i 2004 ut ein omfattande biografi om Olav H. Hauge. Det blei doktorgrad året etter. Ei rekke litteraturforskarar har skrive om Hauge, om dei modernistiske dikta, om språket, om omsettingane, om sonettane, om Hauges diktning frå ulike vinklar.

Hauges forfattarskap er ikkje omfangsrikt, men hans særeigne språk og poetiske bilde har kvalitetar som gjorde at han trefte både eit breitt allment publikum og kresne akademiske lesarar. Litteraturprofessor Atle Kittang omtalte i 1996 Olav H. Hauge og Rolf Jacobsen som norsk poesis aristokrat på 1900-tallet.

Ein krunglete veg

Olav H. Hauge veg til gjennomslag som lyrikar var lang og krunglete. Det blei ikkje utdanning som den leseglade ungguten hadde tenkt seg. Medan søskena arbeidde på garden, gjekk Olav gjerne på bygdas bibliotek. Han blei alvorleg sjuk 15 år gamal, etter at

han kom «i strid med maktene». Han fekk glimrande karakterar på skulen, men fordi han ikkje kunne rekne, kom han ikkje inn på Voss gymnas. Hauge blei i heimbygda Ulvik, og gjekk to år på Hjeltnes hagebruksskule. Han var gartnarlærning ein periode i veksthuset på Norges Landbrukshøgskolen på Ås, og tre sesongar på Statens forsøksstasjon for fruktdyrking på Hermansverk i Sogn.

Samtidig fekk han dikt på trykk. Han lærte engelsk og tysk på mellomskolen, lærte seg fransk og las godt på andre språk. Så blei han buande hos foreldra, tok småjobbar i bygda, og overtok etter kvart kårhuset, og begynte å drive fruktgarden på Rossvoll.

At Olav H. Hauge sleit psykisk er i dag vel kjent. Hauge blei tvangsinnlagt seks gonger. Han var på Valen sjukehus i Sunnhordaland, der han blei halden med tvang på dei tyngste og mest urolege avdelingane, i til saman tre og eit halvt år på 1930- og 40-talet. Biografen Knut Olav Åmås har dykka ned i de kjedene som fins, og fortel fascinerande om direktør og overlege på sjukehusets Konrad Lunde, som var sterkt opptatt av litteratur, og stimulerte Hauge til å gje ut dikta han heldt på med. Debutsamlinga *Glør i oska* (1946) blei fullført på Valen, medan han var lagt inn der i 1945.

Skreiv dagbøker i 70 år

Hauge skreiv dagbøker. Vi snakkar om 84 hefte, skrivne frå mars 1924, då han var 15 ½ år, fram til mai 1994, veka før han døydd. Han skreiv ikkje kvar dag. Det er nøkterne rapporter om vår og frukthaus, korte og lange refleksjonar

om litteratur, om eiga lesing av eldre og ny litteratur, om ting som skjer i kulturlivet, omtale av brev og besøk – fascinerande lesing om levd liv. Då Samlaget gav ut Hauges dagbøker i 2000, utgjorde dei 4000 boksider i fem band. I juni 1924 skreiv han i dagboka at han hadde lese 626 bøker: «Det er lite, temmeleg lite». Mon det. Olav H. Hauge var enno ikkje fylt 16 år.

Til sist – kjærleik

Olav H. Hauge hadde så visst mange forelskingar opp gjennom åra. Men det meste med kvinner gjekk galt. «Eg ser eg møter gjentor, dei er ikkje uvillige, tvert om! Men so er det einkvan som fortel dei um meg, då snur dei – som ventande er.» Biografen Knut Olav Åmås tvilar litt på at avslaga skuldast at folk fortalte at Hauge hadde vore innlagt, og skriv: «Kanskje skremmer han ingen andre enn seg sjølv bort.» Men så melde tekstilkunstnaren Bodil Strømsted (fødd Cappelen) seg i eit brev i 1970. Ho var gift, men søkte kontakt. Hauge svarte etter ein månad. Bodil gav seg ikkje, han heldt igjen. Dei skreiv brev i fleire år, men han var lenge avvisande. Til dagboka skreiv han seinare at han angra på at det skulle gå fem år før han inviterte henne til å kome.

Slik nådde også den delen av livet, gleda over eit samliv, fram til den då 66 år gamle Olav H. Hauge på Rossvoll. At Bodil Cappelen kom til Rossvoll blei ei lukkeleg vending for ein ganske innbarka ungkar. Det kom filleryer på golvet, duk på bordet, det blei trapp ned frå kjellarluka og nye gardiner, god mat – og eit kjærleiksliv. Og Hau-

ge, som på 1970-talet hadde sagt at diktarkjelda var tom, han skreiv med si vakre handskrift ei rekke kjærleiksdikt, som dette – om svevn.

Svevn

*Lat oss glida inn
i svevnen, i den
logne draumen,
glida inn – tvo
deigemne i den
gode bakaromnen
som heiter natt.
Og so vakna
um morgonen
tvo gylne
kveiteakor!*

Frå *Janglestrå*, 1980

Hauge sa sjølv at Bodil var det beste som hadde hendt han i livet. Dei gifta seg då han var nesten 70 år gamal.

Hauges diktning lever!

Framleis sel bøkene hans på det meste fleire tusen eksemplar år etter år. Olav H. Hauge reviderte forfattarskapen fleire gonger og gav ut fleire bøker med gjendiktningar av utanlandske poetar. Ei bok med dei nye dikta blei publisert i samlinga «Janglestrå», og «Dikt i samling» blei nominert til Nordisk Råds litteraturpris. Han blei også av Det litterære råd foreslått to gonger til Nobelprisen i litteratur. Og – han som i mange år sleit med psykisk helse og uvisse – opplevde å bli gjendikta til 25 språk medan han levde. Gartnaren frå Hakestad og Hardanger nådde ut i verda.

Haugesenter og Poesifestival

Haugesenteret i Ulvik opna for 11 år sidan, og er Norges einaste poesimuseum. Senteret held hus i det gamle heradshuset. Her finn vi Hauges boksamling. Denne viser at Olav H. Hauge las litteratur frå hele verda.

Senteret formidlar norsk og nordisk lyrikk, musikk og songlyrikk, også til barn og unge (sjå eigen artikkel om dette). Som del av Nynorsk kultursentrum er Haugesenteret eit regionalt tyngdepunkt for nynorsk skrivekunst.

Annakvart år blir *Ulvik Poesifestival* avvikla (den første var i 2000, den

neste er 11.-13. september 2026). *Venelaget Olav H. Hauge* har kvar gong eit arrangement på Rossvoll med innslag av dikt, musikk og samtale. Her deler Venelaget ut *Amboltprisen* til ein person som har utmerka seg når det gjeld å fremme kjennskapen til Hauges diktning.

Den lågmælte lyrikaren Olav H. Hauge har blitt ein liten turistmagnet. Og la det vere sagt: Åkerø-epla på Rossvoll er knasande gode!

Artikkelen er ei omarbeidd utgåve av artikkel i Aftenposten Historie Nr. 8 2024.



Foto: Narve Skarpmoen / Nasjonalbiblioteket


Vinternatt

No kveikjer Vårherre sitt joletre
i den kvite vinternatt.
All den glitrande stasen, barn,
vilde du gjerne hatt.

Himmelgrani so fin og blå
har greiner av tandrande ljøs;
karlsvogner kjem frå langferd der,
og måneskip sigler sin kos.

Du vil gripa og leika, barn.
Og kanskje skal di hand
ein gong plukka månar ned
og sløkkja stjernor i brand.

Under bergfallet, 1951



Eit dikt frå poesiverkstaden. Foto: Haugesenteret

EIN TANKE SLO MEG - BLI KJENT MED OLAV H. HAUGE

Anja Haugland Svingen, Haugesenteret

På Haugesenteret har me ein eigen poesiverkstad der me tek imot born og unge. Her tilbyr me undervisningsopplegg og skriveverkstadar som lokkar fram ord, vers og dikt. Målet er at elevane skal få kjenne på deira eiga skaparkraft – og poesiverkstaden skal inspirera til nettopp det.

Eitt av tilboda for ungdom er skrivekurset *Ein tanke slo meg – bli kjent med Olav H. Hauge*. Dette kurset er utforma av Haugesenteret saman med poetane Joakim Kjørsvik og Endre Ruset. Kurset tek utgangspunkt i dei fyrste orda Hauge skreiv i dagboka si som 15-åring: «Ein tanke slo meg her um dagen». Elevane vert kjende med den unge poeten som lesar og skrivar før dei sjølve formulerer eigne tankar og dikt inspirerte av Hauge. Oppgåvene er varierte og har stor takhøgde, slik at kreativiteten til dei unge skrivarane får gode kår.

Skrivekurset gjev elevane ei betre forståing av lyrikk som sjanger og uttrykksform. Dei får oppdaga korleis

poesien er til stades i kvardagen. I møte med den unge Hauge vert dei utfordra til å sjå seg sjølve som både lesarar og skrivarar. I ei digital tid der kommunikasjonen stadig endrar seg, vonar me at det å reflektera over diktinga til Hauge kan vekke undring og ettertanke.

Store tema som verdssituasjonen, politikk, natur, venskap og identitet har vorte til poesi. Det er inspirerende å sjå korleis poesien blømer i blyanten til dei unge!

Under Poesifestivalen har forfattarar som Endre Ruset og Ruth Lillegraven teke med seg skrivekurset ut i skulane for å møte elevane der dei er. Dette er gjæve samarbeid me set stor pris på. Det er noko heilt eige med at poetar tek utgangspunkt i diktinga til Hauge og gjer forfattarskapen levande for nye generasjonar. Dikta til elevane har vore synlege på ulike måtar under Poesifestivalen.

Til no har over tusen elevar skrive eigne dikt i poesiverkstaden – og me ser framtida trygt i møte!

NY FORMIDLING AV OLAV H. HAUGE SI BOKSAMLING

Jorid Lekve Eide, museumsleiar Haugesenteret

«Det er utvalet som gjer ei boksamling, ikkje talet. Hundrad bøker kann vera nok åndeleg føde for ein mann, – 1000 kann ofte vera for lite.» (Olav H. Hauge i dagboka, 12. juli 1945.)

Hausten 2024 overtok Haugesenteret den game heradstyresalen i Ulvik, og fekk med dette utvida leigeareal i museet. Oppussing av salen starta denne våren, og i desember i år opnar me ei ny utstilling der boksamlinga til Hauge er det skinande midtpunktet. Etter over ti år med tjuefem prosent av samlinga på arkiv, er det no ei stor hending å kunna stilla ut den komplette boksamlinga etter Olav H. Hauge.

Boksamlinga til Hauge tel over 4000 titlar, og mange verdshjørne og kulturar er representerte. Størsteparten av bøkene er skjønnlitteratur, men her er også forfattarbiografar, littera-

turteori, filosofi, kunstbøker, psykologi, religiøse skrifter og ordbøker for fleire språk. Det er eit stykke frå det å vere interessert i bøker – sjølv av den grad Hauge var – til det å eiga godt over fire tusen band. Så korleis skaffa Hauge seg alle desse bøkene, og til kva tid? Kva rolle spela bøkene i poeten sitt liv, og kva kan bøkene fortelja oss om Hauge si eiga diktning?

Den nye utstillinga har freista sjå på samanhengane mellom leselysta, diktninga og bøkene til dikteren frå Ulvik. Kanskje kan dette opna opp for nye blikk på Hauge sin forfattarskap, og på den måten få både ny og varig verdi for ei unik forfattarboksamling som denne.

Saman med førstekonservator Stein Arnold Hevrøy og formidlar Anja Haugland Svingen har det vore både spennande og utfordrande å laga ei ny



Boksamlinga medan ho var i heimen til Hauge. Foto: NRK

utstilling i museet. Det er vel litt slik det skal vera? Me vil jo helst «ha med alt», samstundes som me veit at me må avgrensa oss. Me håpar og trur me har funne fram til den gode flyten mellom tekstmengd og visuelle blikkfang.

Ny romløysing og nye bokskåp er teikna av Bruket Arkitektur. Bokskåpa er laga av møbelsnekkar Morten Hansen ved Fagerheim Tre på Voss. Utstillingsprodusenten Six Sides, som tidlegare har produsert basisutstillinga i museet, har vore med også denne gongen.

Sjølv om det er boksamlinga til Hauge som skal skina i dette rommet, er

det også viktig for oss at salen har fleire funksjonar. Her skal me ta imot gruppebesøk og husa litterære arrangement både gjennom kulturprogram og under Poesifestivalen. Me skal også ta imot litteraturforskarar og omsetjarar som ynskjer å studera og gå i dialog med boksamlinga til Hauge. Sist, men ikkje minst, har det vore viktig å laga ei utstilling som kan formidla historia bak boksamlinga til dei som besøkjer oss. Gjennom å kasta ljøs på ulike delar av Hauge si boksamling håpar me å opna nye dører inn til ein av Noregs mest markante poetiske røyster.

OR HAUGES DAGBOK


Joli 1957

MOTSTAND MOT RELIGIONEN

Motstand mot religionen kjem mykje av at mange ikkje skynar symbol og bilætspråk, dei skynar ikkje realitetane som soleis er ikklædde. Det har ikkje berarane av religionen heller skyna, dei har gjort den fatale feil at dei har teke utsegnene bokstavleg og vilja fylgt dei og gjort dei til reint geografiske og historiske sanningar i reint ytre meining. Kanskje me i dag stend framfor eit brigde i dette stykket.

SLAVE AV TID OG ROM

Dette er største hindringa for den som skal skriva. Då eg las litt av Martin Hansen merka eg at grepet losna noko. Sjølv har eg mange gonger fenge mi røyst knust, men etterpå har eg alltid vore flittig med å stykkja henne saman att. Eg har sagt dette i dikt i siste diktsamlinga mi. «Stjerna» heiter diktet, og det er vel ikkje mange som skynar kva eg meiner. I Anker Larsens bok *For aaben Dør* stend det litt um dette. Altso: Det var dette Einstein og Kinck og Schrödinger sa, når dei vart spurde um dei nye framstegi i fysikken hadde noko å segja for religionen.



Utdrag: Olav H. Hauge, 2000. *Dagbok 1924-1994*, s. 583, 584, Oslo: Samlaget

Illustrasjon: Adolph Tidemand, *Hånd med bok, antageleg 1859 eller 1860*. Foto: Nasjonalmuseet / Jeanette Veiby

STYRET I VENELAGET 2024–2026

Ågot Gammersvik, leiar – aagot.gammersvik@gmail.com – tlf 91775735

Guri Hjeltnes, nestleiar – guri.hjeltne@hlsenteret.no – tlf 45230353

Alf Gunnar Eritsland, redaktør – Alfgunnar49@outlook.com – tlf 99274225

Ingebjørg Winjum, skrivar – ibwinjum@hotmail.com – tlf 40403863

Håkon Gjerde, styremedlem – hakgje1@gmail.com – tlf 90130193

Vidar Vambheim, vara – vidar.vambheim@uit.no – tlf 45219633

Ådne Sandvik Dyrnesli, vara – adne.dyrnesli@gmail.com – tlf 45245423

Anders Oppheim, kasserer og rekneskapsfører – andersko@ulvik.org
tlf 97183532 – Hjeltnevegen 209, 5730 Ulvik

UNDER STJERNONE

KVA ER DET SOM HAR DRIVE MEG UT
UNDER DENNE STRIDE MORGONHIMMELEN?
DEI BLÅ, KRAVSTORE STJERNOR,
KVA ER DET DEI VIL?

FJELLI LOVAR INGENTING. — VIK BERRE
SO DEI SLEPPER FJORDEN INN
OG ELVANE NED, OG STEND
FORHERDA UNDER SNØEN.

MEN SKOGLIDI, SKOGLIDI HAR
KASTA SEG LANGFLAT
OG NÆKT SI ARMOD UNDER STJERNONE.
DET ER MI EIGI KVIDE, MI EIGI SÅRNAUD
SOM LIGG DER JARNSVART OG BLØDANDE
OG SVÆR Å GRØNKAST OG SYNGJA.